



Masfjorden kommune

Innkalling av Eldrerådet

Møtedato: 05.12.2016
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 11:30 - 13:00

Informasjon om nye omsorgsbustadar på Hosteland.

Budsjett for 2017 blir lagt ut på høyring den 29.11.16 og kunngjort på Masfjorden kommune si heimeside.

Eventuelle forfall må meldast til Helga Ellingsen per tlf. , sms til eller per epost til Helga.Ellingsen@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

- 010/2016 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 011/2016 Godkjenning av møtebok
- 012/2016 Investeringsbudsjett revidering 2016
- 013/2016 Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017 - 2020
- 014/2016 Referatsak

28. november 2016

Terje Myrvang
møteleiar

Helga Ellingsen
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen		16/1001

Saknr	Utval	Type	Dato
010/2016	Eldrerådet	PS	05.12.2016

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen		16/1001

Saknr	Utval	Type	Dato
011/2016	Eldrerådet	PS	05.12.2016

Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristian Moen	FE - 153	16/503

Saknr	Utval	Type	Dato
133/2016	Formannskapet	PS	29.11.2016
	Kommunestyret	PS	
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	
012/2016	Eldrerådet	PS	05.12.2016

Investeringsbudsjett revidering 2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Investeringsbudsjett for 2016 vert revidert slik det går fram av skjema 2A og 2B. Investeringar i anleggsmidlar vert 17,815 mill. kr, med eit lånebehov på kr 4 525 000. Kjøp av aksjar vert auke med kr 185 000, med bakgrunn i eigenkapitaltilskot til KLP og kjøp av aksjar i Masfjordbygg. Kjøp av aksjar er finansiert med bruk av avsetningar.

Prosjekt som ikkje er gjennomført i 2016, må budsjetterast på nytt, og innarbeidast i investeringsbudsjett for 2017 eller seinare år.

BUDSJETTSKJEMA 2A - INVESTERING

	R 2016	Rev. Budsjett 2016	Budsjett 2016	Framlegg endringar 2016
Investeringar i anleggsmidlar	11 942 407	23 800 000	24 000 000	17 815 000
Utlån og forskotteringar	500 000	500 000	500 000	500 000
Kjøp av aksjar og andelar	634 833	450 000	450 000	635 000
Avdrag på lån	650 783			
Dekning av tidlegare års udakka		1 800 000		1 800 000
Avsetningar				
Årets finansieringsbehov	13 728 023	26 550 000	24 950 000	20 750 000
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidlar		11 510 000	11 510 000	5 025 000
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	590 000			500 000
Tilskot til investeringar				
Kompensasjon for meirverdiavgift	505 037	2 490 000	2 490 000	2 490 000
Motteke avdrag på utlån og refusjonar	5 302 017	10 000 000	10 000 000	10 000 000
Andre inntekter				
Sum ekstern finansiering	6 397 054	24 000 000	24 000 000	18 015 000
Overført frå driftsbudsjett				
Bruk av tidlegare års udisponert				
Bruk av avsetningar	634 833	2 550 000	950 000	2 735 000
Sum finansiering	7 031 887	26 550 000	24 950 000	20 750 000
Udekket / udisponert	-6 696 136	0	0	0

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR

	R 2016	Rev. Budsjett 2016	Budsjett 2016	Framlegg endringar 2016
Investering i anlegg	11 942 407	23 800 000	24 000 000	17 815 000
IKT-investeringar				
- EDB-felles		1 500 000	1 500 000	400 000
- Breiband	95 324			100 000
Kommunale bygg				
- Sentrumstomt Hostelnd	534 426			500 000
- Masfjorden sjukeheim - signalanlegg		500 000	500 000	0
- Nordbygda skule - utbetring tak		1 000 000	1 000 000	1 000 000
- Matre skule - ventilasjonsaggregat		300 000	300 000	300 000
- Kontorbygg Matre	6 063	700 000	700 000	700 000
- Omsorgsbustad Hostelnd	1 548	2 200 000	8 000 000	500 000
Kommunale vegar				
- Kjetland bru		950 000	950 000	0
- Asfaltering Sandnes/Einestrnd	591 581	350 000	350 000	590 000
- Asfaltering Areklettvegen	176 588	250 000	250 000	175 000
- Stordalsvegen	1 108 565	850 000	250 000	1 100 000
- Trafikksikring Sandnes	512 938	1 000 000		1 000 000
- Asfaltering Legene				450 000
Bustadfelt - tilrettelegging		500 000	500 000	
- Ervikneset		1 200 000		0
VAR				
- Avlaup		550 000	550 000	0
- Vassforsyning		150 000	150 000	0
- Vatn til Gulen	7 987 933	9 000 000	9 000 000	9 000 000
- Utbetring vassledning sjø		1 000 000		1 000 000
- VA tiltak trafikksikring Sandnes	927 441	1 000 000		1 000 000
- Giljane		800 000		0

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret skal for kvart budsjettår vedta kommunen sitt årsbudsjett med ein driftsdel og ein investeringsdel. Det følgjer av kommunelova at bevillingane i investeringsbudsjettet er årsavhengig, og går fram slik dei er fordelt i skjema 2B. Om det skjer endringar i budsjettåret som har betydning for dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet bygger på, skal kommunestyret foreta nødvendige endringar i investeringsbudsjettet. Forseinkingar eller forseringar av investeringsprosjekt som påverkar kommunestyret sine bevillingar i skjema 2B, må innarbeidast i revidert årsbudsjett.

Fakta

I vedteke investeringsbudsjett for 2016 var det budsjettert med investeringar i anlegg med 24 mill. kr. fordelt på ulike prosjekt. I KS-054/2016 er investeringsbudsjettet revidert med omsyn kostnader på eksisterande og nye prosjekt som var kjende på den tid. Administrasjonen har no gått gjennom framdrift på vedtekne investeringsprosjekt og vil kome med framlegg til budsjettrevidering med

dette som bakgrunn.

Prosjekt	Gjeldande budsjett	Revidert budsjett	Kommentar
Edb - felles	1 500 000	400 000	Diverse investeringar gjennom IKT samarbeidet IKTNH. Kommunen får oversyn over investeringar ved årsslutt. Kommunen sin eigendel av utbygging breiband er budsjettert med 1 mill. kr
Breiband		100 000	Utbygging av breiband i områder i kommunen. Utbygginga kjem i 2017, men her er ført kostnader i samband med anbudsutlysing og vurdering av anboda. Kommunen har motteke 3,5 mill. kr i tilskot som er balanseført som øyremerka midlar til prosjektet.
Sentrumstomt Hosteland		500 000	Kjøp av tomt på Hosteland. Finansiert med vidaresal av tomta.
Masfjorden sjukeheim – signalanlegg	500 000		Vert ikkje gjennomført i 2016. Har starta kartlegging om det er mogleg å til alarmanlegg som og kan nyttast til alarmar frå heimebuande.
Nordbygda skule – utbetring tak	1 000 000	1 000 000	Gjennomførast 2016.
Matre skule – ventilasjonsanlegg	300 000	300 000	Gjennomførast 2016.
Kontorbygg Matre	700 000	700 000	Kjøp i 2016. Ønskje om kr 150 000 til tilpassing frå brannvernet, som må vurderast i investeringsbudsjett for 2017.
Omsorgsbustad Hosteland	2 200 000	500 000	Stipulert forbruk i 2016 kr 500 000 til prosjektering. Bygging startar i 2017 og ferdigstilling i 2018.
Kjetland bru	950 000		Vert ikkje gjennomført i 2016.
Asfaltering Sandnes/Einestrاند	350 000	590 000	Ferdig
Asfaltering Arekletten	250 000	175 000	Ferdig 2016
Stordalsvegen	850 000	1 100 000	Ferdig 2016. Kostnad på 1,1 mill. kr, 250' over budsjett
Trafikksikring Sandnes	1 000 000	1 000 000	Ferdig 2016
Asfaltering Legene		450 000	Planlagt ferdig 2016
Bustadfelt - tilrettelegging	500 000		Ingen planlagde tiltak
Ervikneset	1 200 000		Vert ikkje gjennomført i 2016.
Avlaup	550 000		Vert ikkje gjennomført i 2016.
Vassforsyning	150 000		Vert ikkje gjennomført i 2016.
Vatn til Gulen	9 000 000	9 000 000	Gjennomførast 2016

Utbetring vassleidning sjø	1 000 000	1 000 000	Ventar på møte med leverandør. Nærmare avklaringar må gjerast.
VA-tiltak trafikksikring Sandnes	1 000 000	1 000 000	Gjennomførast 2016
VA - Giljane	800 000		Vert ikkje gjennomført 2016
SUM	23 800 000	17 815 000	

Vurdering

Investeringsbudsjett for 2016 inneholder mange ulike prosjekt, og framdrift av prosjekta er påverka både av kapasitetsutfordringar i administrasjonen, men også av forhold som ligg utenfor vår kontroll. Investeringsbudsjettet vert justert i tråd med stipulerte utgifter for 2016. Planlagde prosjekt som ikkje er sett i gang i 2016, må innarbeidast i årsbudsjett for investeringar i 2017 og seinare år. Kommunen står ovanfor fleire store investeringar i økonomiplanperioden, og det må vurderast grundig kva for prosjekt som skal prioriterast. Forutan dei økonomiske utfordringane, må ein og ta omsyn til kapasiteten i administrasjonen til å driva prosjekta fram.

Konklusjon

Investeringsbudsjett for 2016 vert revidert slik det går fram av skjema 2A og 2B. Investeringar i anleggsmidlar vert 17,815 mill. kr, med eit lånebehov på kr 4 525 000. Kjøp av aksjar vert auke med kr 185 000, med bakgrunn i eigenkapitaltilskot til KLP og kjøp av aksjar i Masfjord Bygg. Kjøp av aksjar er finansiert med bruk av avsetningar.

Prosjekt som ikkje er gjennomført i 2016, må innarbeidast i investeringsbudsjett for 2017 eller seinare år.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristian Moen	FE - 151	16/546

Saknr	Utval	Type	Dato
134/2016	Formannskapet	PS	29.11.2016
	Kommunestyret	PS	
013/2016	Eldrerådet	PS	05.12.2016
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	

Årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017 - 2020

32T

Journalposttittel

Statsbudsjett 2017 - Kommuneopplegget

Dato

20.11.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Driftsbudsjettet for Masfjorden kommune 2017 utgjør 207 mill. kr i driftsinntekter, jf. økonomisk oversyn drift, og vert lagt fram i balanse. Netto driftsresultat er kr 1 441 600 og utgjør 0,7% av driftsinntektene. Frie disponible inntekter i budsjett for 2017 er 153,5 mill. kr. Med netto finanstransaksjoner på – 5,522 mill. kr og netto avsetningar på -1,441 mill. kr, vert det 146,572 mill. kr til fordeling til drift, som er fordelt på følgjande rammeområde

Ramme 2017

01 Folkevalgte organ	2 200 000
02 Administrasjon	13 435 000
03 Barnehage	15 837 300
04 Skule	39 571 300
05 Helse	9 806 000
06 Sosial og barnevern	5 289 000
07 Pleie og omsorg	47 914 800
08 Kultur	6 020 500
09 Kyrkja	3 460 000
10 Teknisk	6 252 000
11 Andre tenesteområder	-3 214 000
Sum overført til 1A	146 571 900

2. Investeringsbudsjett for 2017 viser eit finansieringsbehov på 32,550 mill. kr.

Følgjande investeringsprosjekt vert prioritert i 2017

	B 2017
IKT-investeringar	
- EDB-felles	500 000
- Breiband	4 500 000
Kommunale bygg	
- Nordbygda skule - maling	140 000
- Matre skule - maling	200 000
- Skular- dører og vindu	400 000
- Vernebustad Haugsvær - maling	100 000
- Sandnes barnehage - ventilasjonsaggregat	300 000
- Nordbygda barnehage - ventilasjonsaggregat	400 000
- Sandnes barnehage - maling	160 000
- Masfjorden sjukeheim - signalanlegg	500 000
- Omsorgsbustad Hosteland	20 000 000
Kommunale vegar	
- Kjetland bru	950 000
- Asfaltering Sandnes	
Bustadfelt - tilrettelegging	750 000
- Ervikneset	1 200 000
VAR	
- Septiktank Haugsvær	250 000
- Septiktank Hosteland	300 000
- Vassmålarar, installasjon for feilsøk	50 000
- Giljane	800 000
Investering i anlegg	31 500 000
Lån til vidareutlån	500 000
Eigenkapitaltilskot KLP	550 000
Finansieringsbehov	32 550 000

Investeringsprosjekta er finansiert slik

Bruk av lånemidlar	22 480 000
Kompensasjon av meirverdiavgift	6 020 000
Bruk av avsetningar	4 050 000
Sum finansiering	32 550 000

3. Masfjorden kyrkjelege fellesråd (MKF) får eit driftstilskot på 3,420 mill. kr, fordelt med kr 2,9 mill. kr til kyrkjer og MKF og kr 520 000 til kyrkjegardar.

Under kapittel for kyrkjer og fellesråd vert det og utgiftsført tenesteytingsavtale kr 391 700, og kompensasjon for rente og avdragsutgifter på lån som MKF har teke opp til investeringar.

4. For eigedomsskatteåret 2017 vert det skriven ut eigedomsskatt på verk og bruk, jf. eigedomsskattelova (esktl.) §3 første ledd bokstav c. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2017 er 7 promille, jf. esktl. §11 første ledd.

5. Økonomiplan 2017 - 2020

1. Ramme for økonomiplan drift 2017 – 2020

BUDSJETTSKJEMA 1A - DRIFT							
	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Saldert budsjett 2016	Ramme 2017	Ramme 2018	Ramme 2019	Ramme 2020
Skatt på inntekt og formue	40 857 140	50 224 000	43 224 000	40 563 000	44 732 000	46 742 000	48 145 000
Ordinært rammetilskudd	62 035 669	71 768 000	67 768 000	73 773 000	65 757 000	65 734 000	65 712 000
Skatt på eiendom	24 219 096	21 800 000	23 300 000	20 500 000	18 238 000	16 312 000	13 066 000
Andre direkte eller indirekte skatter	13 981 835	2 360 000	13 360 000	13 400 000	13 400 000	13 400 000	13 400 000
Andre generelle statstilskudd	4 886 285	3 210 000	5 435 000	5 300 000	4 500 000	4 500 000	4 500 000
Sum frie disponible inntekter	145 980 025	149 362 000	153 087 000	153 536 000	146 627 000	146 688 000	144 823 000
Renteinntekter og utbytte	1 083 714	1 428 000	1 428 000	1 178 000	1 400 000	1 400 000	1 400 000
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	1 150 739						
Renteutg., provisjoner og andre fin.utg.	1 384 668	1 550 000	1 550 000	1 400 500	1 650 000	1 650 000	1 650 000
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	12 815						
Avdrag på lån	5 279 379	4 800 000	4 800 000	5 300 000	5 300 000	5 300 000	5 300 000
Netto finansinnt./utg.	-4 442 409	-4 922 000	-4 922 000	-5 522 500	-5 550 000	-5 550 000	-5 550 000
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk							
Til ubundne avsetninger	4 976 393	2 360 000	10 499 410	5 340 600	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Til bundne avsetninger	1 463 387		225 000	5 000			
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	1 279 840		2 990 000				
Bruk av ubundne avsetninger	3 894 772	3 035 000	3 035 000	3 904 000	2 500 000	2 500 000	2 500 000
Bruk av bundne avsetninger	1 732 245						
Netto avsetninger	467 078	675 000	-4 699 410	-1 441 600	0	0	0
Overført til investeringsbudsjettet	38 175						
Til fordeling drift	141 966 519	145 115 000	143 465 590	146 571 900	141 077 000	141 138 000	139 273 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	138 975 802	145 115 000	143 465 590	146 571 900	141 077 000	141 138 000	139 273 000
Mer/mindreforbruk	2 990 717	0	0	0	0	0	0

BUDSJETTSKJEMA 1B - DRIFT RAMMEOMRÅDER							
	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Saldert budsjett 2016	Ramme 2017	Ramme 2018	Ramme 2019	Ramme 2020
01 Folkevalgte organ	2 352 397	2 194 500	2 132 500	2 200 000	2 118 000	2 119 000	2 090 000
02 Administrasjon	14 122 125	13 817 210	13 597 800	13 435 000	12 931 000	12 937 000	12 766 000
03 Barnehage	14 772 622	14 859 940	14 759 940	15 837 300	15 243 000	15 250 000	15 049 000
04 Skule	39 603 043	39 536 900	39 120 900	39 571 300	38 088 000	38 104 000	37 601 000
05 Helse	10 006 982	10 052 000	10 052 000	9 806 000	9 438 000	9 442 000	9 318 000
06 Sosial og bamevern	5 335 783	5 481 300	5 481 300	5 289 000	5 091 000	5 093 000	5 025 000
07 Pleie og omsorg	44 127 661	47 912 800	47 162 800	47 914 800	46 118 000	46 138 000	45 529 000
08 Kultur	6 016 908	6 093 700	5 991 700	6 020 500	5 795 000	5 797 000	5 720 000
09 Kyrkja	3 822 824	3 559 000	3 559 000	3 460 000	3 333 000	3 332 000	3 289 000
10 Teknisk	8 075 828	6 415 050	6 415 050	6 252 000	6 017 000	6 020 000	5 940 000
11 Andre tenesteområder	-9 260 369	-4 807 400	-4 807 400	-3 214 000	-3 095 000	-3 094 000	-3 054 000
Sum overført til 1A	138 975 802	145 115 000	143 465 590	146 571 900	141 077 000	141 138 000	139 273 000

b. Ramme for økonomiplan drift 2017 – 2020

BUDSJETTSKJEMA 2A - INVESTERING							
	B 2016	B 2016 justert	Rammesak KS-055/2016	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020
Investeringar i anleggsmidlar	24 000 000	23 800 000	32 750 000	31 500 000	20 650 000	6 150 000	6 150 000
Utlån og forskotteringar	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Kjøp av aksjar og andelar	450 000	450 000	450 000	550 000	550 000	550 000	550 000
Avdrag på lån							
Dekning av tidlegare års udakka		1 800 000					
Avsetningar							
Årets finansieringsbehov	24 950 000	26 550 000	33 700 000	32 550 000	21 700 000	7 200 000	7 200 000
Finansiert slik:							
Bruk av lånemidlar	11 510 000	11 510 000	10 250 000	22 480 000	900 000	5 200 000	5 200 000
Inntekter frå sal av anleggsmidlar							
Tilskot til investeringar	10 000 000		16 250 000		16 250 000		
Kompensasjon for meirverdiavgift	2 490 000	2 490 000	6 750 000	6 020 000	4 000 000	1 450 000	1 450 000
Motteke avdrag på utlån og refusjonar		10 000 000					
Andre inntekter							
Sum ekstern finansiering	24 000 000	24 000 000	33 250 000	28 500 000	21 150 000	6 650 000	6 650 000
Overført frå driftsbudsjett							
Bruk av tidlegare års udisponert							
Bruk av avsetningar	950 000	2 550 000	450 000	4 050 000	550 000	550 000	550 000
Sum finansiering	24 950 000	26 550 000	33 700 000	32 550 000	21 700 000	7 200 000	7 200 000
Udekket / udisponert	0	0	0	0	0	0	0

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR							
	B 2016	B 2016 justert	Rammesak KS-055/2016	B 2017	B 2018	B 2019	B 2020
Investering i anlegg	24 000 000	23 000 000	32 750 000	31 500 000	20 650 000	6 150 000	6 150 000
IKT-investeringar							
- EDB-felles	1 500 000	1 500 000	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
- Breiband				4 500 000			
Kommunale bygg			3 000 000		3 300 000	3 300 000	3 300 000
- Nordbygda skule - maling				140 000			
- Matre skule - maling				200 000			
- Skular- dører og vindu				400 000			
- Vernebustad Haugsvær - maling				100 000			
- Sandnes barnehage - ventilasjonsaggregat				300 000			
- Nordbygda barnehage - ventilasjonsaggregat				400 000			
- Sandnes barnehage - maling				160 000			
- Masfjorden sjukeheim - signalanlegg	500 000	500 000		500 000			
- Nordbygda skule - utbetring tak	1 000 000	1 000 000					
- Matre skule - ventilasjonsanlegg	300 000	300 000					
- Kontorbygg Matre	700 000	700 000					
- Omsorgsbustad Hosteland	8 000 000	2 200 000	27 000 000	20 000 000	14 500 000		
Kommunale vegar			900 000		1 000 000	1 000 000	1 000 000
- Kjetlånd bru	950 000	950 000		950 000			
- Asfaltering Sandnes	350 000	350 000					
- Asfaltering Areklettvegen	250 000	250 000					
- Stordalsvegen	250 000	850 000					
- Trafikksikring Sandnes		1 000 000					
Bustadfelt - tilrettelegging	500 000	500 000	750 000	750 000	750 000	750 000	750 000
- Ervikneset		1 200 000		1 200 000			
VAR							
- Avlaup	550 000	550 000	200 000		200 000	200 000	200 000
- Vassforsyning	150 000	150 000	400 000		400 000	400 000	400 000
- Septiktank Haugsvær				250 000			
- Septiktank Hosteland				300 000			
- Vassmålarar, installasjon for feilsøk				50 000			
- Vatn til Gulen	9 000 000	9 000 000					
- Utbetring vassledning sjø		1 000 000					
- VA tiltak trafikksikring Sandnes		1 000 000					
- Giljane				800 000			

6. Avskrivningane i 2017 budsjett vert justert i tråd med aktiverte investeringar i rekneskapan for 2016.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret skal innan utløpet av året vedta årsbudsjett for neste kalenderår og økonomiplan for dei neste fire åra. Årsbudsjett er eit overslag på kommunen sine inntekter for det neste aktuelle året, og er ein bindande plan for bruk av dei økonomiske ressursane ein har tilgjengeleg. Budsjettet er det primære styringsdokumentet i økonomiforvaltninga. Det er formannskapet som legg fram årsbudsjett og økonomiplan, etter tilråding frå rådmann.

Høyring

Årsbudsjett og økonomiplan vert lagt ut til offentleg ettersyn i 14 dagar etter at formannskapet har vedteke framlegg til vedtak.

Uttale

Driftsbudsjettet 2017 er basert på innspel frå driftseiningane, med saldering i samråd med økonomiansvarleg.

Vurdering

Det har vore usikkerheit kring konsekvensane av låge kraftprisar og kva utslag dette vil få for kommunen sine kraftinntekter. Rammesaka la til grunn reduserte inntekter i åra framover. Statsbudsjettet i fjor haust med auke i grunnrente til staten som del av kraftverksbeskatninga og energimeldinga som vart framlagt i vår trua ein del av kommunen sine kraftinntekter. Konesjonskraft og konesjonsavgift vart redda, men ein forventar mykje lågare verdi på konesjonskraft enn det ein opplevde for eksempel i toppåret 2010. Eigedomsskatten som har vi bede om prognose for åra framover frå BKK, er langt dårlegare enn ein forventa og hadde kalkulert med.

Nedgang i eigedomsskatten om prognosane slår til i forhold til nivå 2016 budsjettet

2017 ned med over 2,5 mill.kr.

2018 ned med nær 5,1 mill.kr.

2019 ned med 7 mill.kr.

2020 ned med 10.247.254

Tala for 2017 er basert på likninga 2015 og reelle, tala utover er basert på prognose, og vert meir usikre dess lengre fram i tid ein ser – men tendensen er klar. Utover i 2020 åra vil nedgangen utgjere meir enn 12 mill.kr. ned i høve årets nivå.

To sentrale faktorar for eigedomsskatten er kraftprisen og grunnrente, under ein oversikt over kraftprisen og utviklinga dei seinare år. Grunnlaget er basert på innfasing av kraftpris og gjennomsnitt siste 5 år. For eksempel vart 2010 fasa ut med pris 51,8 med prisen i 2015 med 19,8, og prognose for åra framover ligg mellom 19 og 23 øre, og forklarar stor del av nedgangen i eigedomsskatten. I tillegg viser ein til statsbudsjettet 2016 og endringa som og påverkar eigedomsskatten til kommunane negativt, auke i grunnrente til staten, får kraftselskapa trekke i frå

før grunnlaget for eidegdomsskatten kraftverkvert vert sett.

Summen av reduserte kraftinntekter og endring av inntektssystem er forholdet som vil påverke handlefridommen til kommunen, med konsekvensar både for drift og investering og gjev oss store utfordringa med budsjettbalansen framover, og spesielt om ein ser ut i økonomiplanperioden

Konklusjon

Årsbudsjett for 2017 og økonomiplan 2017 – 2020 er lagt fram i balanse. Netto driftsresultat i 2017 i forhold til sum inntekter er 0,7%. Målsettinga for kommunesektoren er eit netto driftsresultat på 1,75% av sum inntekter.

Utfordringar i økonomiplanperioden vert i stor grad prega av å tilpasse driftsnivå til forventa inntekter. Prognosane for inntekt frå eidegdomsskatt går kraftig ned utover i perioden, og det er og knytt usikkerhet til inntekter knytt til sal av konsesjonskraft.

Andre faktorar som er usikre i økonomiplanperioden er rentenivå, folketalsutvikling og innfasing av nytt inntektssystem for kommunane.

Årsbudsjett og økonomiplan 2017 – 2020 er lagt fram i balanse med dei føresetnader som er kjent medio november 2016.



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato

Dykkar dato

Vår referanse

2016/12828

Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

STATSBUDSJETTET 2017 - KOMMUNEOPPLEGGET

Fylkesmannen vil gi eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til statsbudsjett for 2017.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane» utan at fylkeskommunane er med og «departementet» Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Det økonomiske opplegget for 2016

I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år på 6,4 prosent.

Dei pårekna skatteinntektene er no justerte opp med kr. 3,1 mrd. samla for kommunane i landet i høve til nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteauke for i år blir med det justert opp frå 6,4 prosent til 8,7 prosent, i høve til faktisk innkomen skatt i 2015. Bakgrunnen for den store skatteveksten i år er i hovudsak at aksjeeigarar har teke ut ekstraordinært stort utbyte for inntektsåret 2015, jamfør skattereforma frå 2016.

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er uendra frå revidert nasjonalbudsjett, det vil seie 2,6 prosent. Lønsvekst inngår i denne med 2,4 prosent. Løn tel om lag to tredelar av kostnadsdeflatoren.

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2017

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2016 til 2017 med 2,3 prosent. Den relativt låge pårekna skatteveksten frå 2016 til 2017 skuldast den ekstraordinære skatteveksten i 2016. Pårekna skatteinntekter i 2017 byggjer blant anna på pårekna sysselsetjingsvekst (0,7 prosent) og lønsvekst (2,7 prosent).

Skatteøyret for kommunane er i 2016 11,8 prosent. Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir 11,8 prosent også for 2017.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent også for 2017.

Den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i framlegget 2,5 prosent. Pårekna lønsvekst inngår i deflatoren med 2,7 prosent for 2017 og tel om lag med to tredelar i den samla kostnadsdeflatoren. Pårekna prisvekst på varer og tenester vil inngå i deflatoren med knapt 2,2 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerka tilskot i statsbudsjettet.

Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla

Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2017. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabell byggjer på kommunane sin reelle skatteinngang i 2015. Når det gjeld dette grunnlaget, er det justert for pårekna skatteutvikling i 2016 og 2017.

I berekning av skatteprognose for 2017 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2015 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2015. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning. Kommunane må justera for lokale tilhøve knytte til skatteutviklinga. Folketalsutviklinga fram til 01.01. 2017 vil dessutan påverka inntektsutjamninga i rammeoverføring.

Veksten i rammeoverføring frå 2016 til 2017 vil variera mellom kommunane. Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt:

- verknad av omlegginga av inntektssystemet
- oppdatering av kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga
- endra kriteriedata (t.d. talet på eldre) og talet på innbyggjarar samla
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- bortfall av ekstraordinært skjønstilskot frå perioden 2011 - 2016
- endring i veksttilskot
- endring i distriktstilskot.

Priskompensasjon frå 2016 til 2017 er innarbeidd i oversynet for dei frie inntektene.

Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2016 til 2017 med om lag kr. 3,6 mrd. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Veksten i dei frie inntektene på kr. 3,6 mrd. er realauke slik at priskompensasjonen frå 2016 til 2017 vil kome som eit tillegg i inntektene.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2016 til 2017 skal dekka auka ressursinnsats i kommunane til:

1. Kr. 2,0 mrd. i pårekna meirutgifter som følgje av befolkningsutviklinga, både med omsyn til folkevekst og alderssamansetjing (kr. 2,1 mrd. for heile kommuneforvaltninga).
2. Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auke ut over det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene. For kommunane kan denne realveksten i utgiftene omtrentleg reknast til kr. 0,75 mrd. (kr. 0,85 mrd. for heile kommuneforvaltninga).

Auken i pensjonskostnadene skuldast låg avkastning på pensjonsmidlane på grunn av det låge rentenivået. I tillegg er det rekna med auka amortiseringskostnader i 2017 på grunnlag av pårekna premieavvik i 2016.

3. Delar av veksten i dei frie inntektene kan dessutan knytast til følgjande satsingsområde:

- Kr. 150 mill. til tidleg innsats i grunnskulen
- Kr. 300 mill. til auka satsing innan rusomsorg
- Kr. 100 mill. til opptrappingsplan for rehabilitering og habilitering
- Kr. 50 mill. til auka satsing på helsestasjon og skulehelsetenesta.

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2016 til 2017 med 2,7 prosent. Veksten er rekna i høve til noverande pårekna inntektsnivå i år. Den låge pårekna veksten i frie inntekter frå 2016 til 2017 har samband med den ekstraordinære skatten i 2016.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst i dei frie inntektene er korrigererte for oppgåveendringar både for kommunane samla og kvar for seg i vedlagt tabell. Endringar i rammeoverføring i denne samanheng inngår med andre ord ikkje i den utrekna prosentveksten.

Dette vil også omfatta innlemming i rammetilskotet av øymerka tilskot.

Kommunalt vedlikehaldstilskot Sør- og Vestlandet i 2017

I revidert nasjonalbudsjett for 2016 vart det på bakgrunn av auka arbeidsløyse vedteke eit vedlikehaldstilskot til kommunar på Sør- og Vestlandet med kr. 400 mill.

Det er for 2017 framlegg om kr. 650 mill. i øymerka tilskot til vedlikehald og rehabilitering for kommunar på Sør- og Vestlandet.

Kr. 400 mill. av tilskotet vil bli fordelt til kommunar som ved utgangen av august 2016 hadde arbeidsløyse over landsgjennomsnittet, det vil seie over 3,1 prosent. Det blir ikkje lagt opp til søknader frå kommunane. Kommunane vil få eit likt tilskot per arbeidslaus person ut over landsgjennomsnittet på 3,1 prosent, per utgangen av august i år.

Fordelinga av dei attståande kr. 250 mill. vil bli vurdert nærare over nyttår i lys av den faktiske utviklinga i arbeidsløysa. Det er difor ikkje teke stilling til den konkrete fordelinga av denne delen av ramma.

Av ramma på kr. 400 mill. er det, basert på framlegget, gjort følgjande deling for kommunane i fylket, til utbetaling i 2017. I kr. 1.000,-:

Bergen	26154
Bømlo	2107
Stord	13268
Fitjar	189
Tysnes	235
Kvinnherad	4265
Samnanger	144
Os	3515
Sund	2582
Fjell	13022

Askøy	4969
Meland	1435
Øygarden	3597
Radøy	911
Lindås	2742
Austrheim	1542
Fedje	201
Sum Hordaland	80878

Skule

Kr. 150 mill. av veksten i dei frie inntektene til kommunane er knytte til ei styrking av arbeidet med tidleg innsats i skulen. Regjeringa vil senda på høyring eit lovframlegg om tidleg innsats. Fagleg svake elevar skal få tilbod om tidsavgrensa intensivopplæring.

Helse og omsorg

Opptappingsplan for rus

Det har vore ei opptapping i løyvingane til rusområdet i perioden 2014 - 2016. Det er framlegg om ei ytterlegare opptapping for 2017 med kr. 345 mill. Av dette kjem kr. 300 mill. gjennom ei styrking av dei frie inntektene.

Helsestasjon og skulehelseteneste

Det er framlegg om ein auke i rammetilskotet på kr. 50 mill. knytt til satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta. For 2017 vil rammetilskotet knytt til føremålet kome opp i samla kr. 734,4 mill., medrekna opptappinga frå åra før 2017. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0 - 19 år, med eit minstenivå på kr. 100.000,- per kommune.

I tillegg er det framlegg om øyremerka tilskot på kr. 101 mill. over Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett til kommunar som kan dokumentera at midlane over rammetilskotet er brukt til denne tenesta.

Opptappingsplan for rehabilitering og habilitering

Kr. 100 mill. av veksten i dei frie inntektene er knytt til auka satsing på rehabilitering og habilitering. I tillegg er det framlegg om å øyremerka kr. 100 mill. til opptappingsplanen, av dette kr. 91 mill. i eit nytt øyremerka stimuleringsstilskot for kommunane over Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett.

Dagtilbod demente

Kommunane vil frå 01. januar 2020 få plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens. Det er lagt opp til utbygging av tilbodet fram mot år 2020.

Det er framlegg om øyremerka tilskot i 2017 på til saman kr. 45 mill. for å leggje til rette for 750 plassar i 2017. Tilskotet utgjer om lag 30 prosent av kostnadene med etablering og drift.

Sjukeheimsplassar og omsorgsbustader

For 2017 er det framlegg om å gi tilsegn om tilskot for om lag 1800 nye einingar med heildøgns omsorg, fordelte mellom omsorgsbustader og sjukeheimsplassar.

Maksimalt berekningsgrunnlag av investering for kvar eining er i 2016 kr. 3.060.000,- (for Bergen kommune er dette kr. 3,5 mill.). Dette grunnlaget blir prisjustert til 2017 - kroner.

I 2016 er tilskotssats 55 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for sjukeheimplassar og 45 prosent av godkjent investeringsgrunnlag for omsorgsbustader. Det er lagt opp til dei same tilskotssatsane i 2017 som i 2016.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

Regjeringa gjer framlegg om ei gradvis endring i investeringstilskotet slik at det berre blir gitt tilskot til investeringar som aukar det samla talet på plassar i kommunen. Framlegget legg opp til at det ikkje vil bli gitt tilskot til rehabilitering av eksisterande plassar etter ein overgangsperiode. Det blir lagt opp til ei gradvis omlegging slik at det i 2017 vil vere 20 prosent av tilskota som blir reserverte plassar som gir netto vekst i kommunen. For 2018 vil 40 prosent av tilskota bli reservert plassar som gir netto vekst o.s.v. Frå 2021 er det i framlegget lagt opp til å berre gi tilskot til nye plassar.

Aktivitetsplikt for mottakarar av sosialhjelp

Det er framlegg om ei løyving på kr. 60 mill. i kommunane sitt rammetilskot for meirkostnader som følgje av innføring av aktivitetsplikt for mottakarar av sosialhjelp som er under 30 år.

Døgnopphald - hjelp

Frå 2017 får kommunane ein plikt til å tilby hjelp med ein gong døgnopphald også for personar med psykisk helse- og rusproblem. Den kommunale plikta skal berre omfatta personar som det for kommunen er mogleg å utgreie, behandla eller yta omsorg til. Det er framlegg om å innlemma kr. 86,5 mill. i kommunane sitt rammetilskot knytt til føremålet.

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2017 er basert på direkte lønsutgifter i 2016 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2017:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per brukar frå kr. 1081 mill. til kr. 1157 mill. for netto utgifter i 2016. Det er med dette lagt opp til ein auke i innslagsnivået på kr. 50.000,- utover prisjustering. Det inneber difor ei innstramming i tilskotsordninga.
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2017 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap for 2016. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.

Tilskot for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre), som del av rammetilskotet, blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle øyremarka tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.

Frivilligsentralar

Ansvar for tilskot til frivilligsentralar skal frå 01.01.2017 bli overført til kommunane. Regjeringa gjer framlegg om at tilskot til føremålet blir innlemma i kommunane sitt rammetilskot.

Det øyremarka tilskotet frå Kulturdepartementet var i 2016 kr. 127,8 mill., som prisjustert til 2017 blir kr. 131 mill. Dette tilskotet blir i 2017 innlemma i rammetilskotet. I tillegg er det framlegg om å auka løyvinga med kr. 20 mill., slik at samla ramme til fordeling i rammetilskotet blir kr. 151 mill.

Det blir lagt opp til at tilskot blir fordelt særskilt innafor rammetilskotet i ein overgangsperiode på fire år. Fordelinga av tilskot for 2017 vil byggje på Kulturdepartementet si fordeling av det øyremarka tilskotet i 2016.

Inntektssystemet i 2017

I Fylkesmannen sitt brev av 23.mai d.å. om kommuneopplegget for 2017 er det gitt opplysningar om inntektssystemet for 2017. Vi viser til informasjon i dette brevet.

Vidareføring av noverande inntektssystem frå 2016 til 2017. Det er ikkje lagt opp til endringar i inntektssystemet knytt til:

- inntektsutjamning
- overgangsordninga INGAR
- telletidspunkt

Veksttilskot

For veksttilskotet er det framlegg om å redusera vekstgrensa for tilskot frå 1,5 prosent til 1,4 prosent. Tilskotssats per innbyggjar ut over vekstgrensa blir kr. 57.191,-.

Nytt inntektssystem for kommunane. Det vil vere knytt til:

- gradering av basistilskot på grunnlag av strukturverdi
- distriktstilskot Sør - Noreg
- småkommunetillegg
- oppdatering av kostnadsnøklane

Basistilskot

Det blir lagt opp til at halvdelen av basistilskotet skal vere eit like stort tilskot per kommune. Den andre halvdelen av basistilskotet vil bli gradert etter strukturverdi i høve til grenseverdi. Grenseverdien blir 25,5 km. Det vil seie at ein kommune som har strukturverdi lik eller meir enn 25,5 kilometer vil få fullt basistilskot.

Dersom strukturverdien er lågare enn 25,5 km, vil basistilskotet bli mindre enn fullt tilskot. Fullt basistilskot i 2017 vil vere om lag kr. 15 mill. per kommune.

For distriktstilskotet og småkommunetillegget vil det bli lagt til grunn nyare distriktsindeksar enn det som var kjende i mai i år. Grunnlaget for begge tilskota vil vere distriktsindeksane for 2015.

Trekk i småkommunetillegget, samanlikna med fullt tilskot, vil for 2017 vere basert på distriktsindeksane for 2015:

	<u>Distriktsindeks</u>	<u>Trekk</u>
Fitjar	55,9	- 50 %
Tysnes	38,3	- 10 %
Jondal	25,0	- 0 %
Ulvik	24,7	- 0 %
Granvin	26,3	- 0 %
Samnanger	54,1	- 50 %
Austrheim	73,3	- 50 %
Fedje	19,5	- 0 %
Masfjorden	45,1	- 40 %

Skjønstilskot

Fylkesmannen vil senda kommunane grunngevinga for fordelinga av det ordinære skjønstilskotet for 2017.

Kommunereform

Tilskot mellomstore kommunar

Det vil bli gitt tilskot til mellomstore kommunar der det er gjort nasjonalt vedtak om samanslåing i perioden for kommunereforma. Ny kommune må ha meir enn 9000 innbyggjarar etter samanslåing og ikkje få storbytilskot. For landet er det ei ramme på kr. 100 mill. for 2017, som svarer til andre halvår 2017. I 2018 blir ramma til føremålet, med heilårsverknad, kr. 200 mill.

Det er lagt opp til at 60 prosent av ramma skal bli fordelt med ein sats per samanslåing. 40 prosent av ramma skal bli fordelt med ein sats per innbyggjar.

Fordelinga vil bli gjort våren 2017.

Kompensasjon for redusert basistilskot

Kommunar som slår seg saman, og som mellombels får redusert basistilskot i perioden fram til samanslåinga trer i kraft, vil få ein eigen kompensasjon frå og med 2017. Kompensasjon for redusert basistilskot vil bli gitt av ei ramme på kr. 300 mill. av departementet sine skjønsmidlar i 2017.

Fordelinga av dette tilskotet mellom kommunane vil bli gjort etter Stortinget si handsaming av kommunereforma våren 2017.

Denne kompensasjonsordninga omfattar ikkje endringar i distriktstilskotet og småkommunetillegget.

Kompensasjon knytt til reduksjon i basistilskot (kr. 300 mill.) og tilskot mellomstore kommunar (kr. 100 mill.) erstattar ekstraordinært skjønstilskot frå departementet i perioden 2011 - 2016. Denne kompensasjonen vart gitt til kommunar som tapte mykje på omlegginga i inntektssystemet i 2011.

Inndelingstilskot og eingongstilskot

Kommunar som slår seg saman vil få erstatta bortfall av basistilskot og eventuelle bortfall av småkommunetilskot/reduksjon distriktstilskot gjennom årlege inndelingstilskot (15 + 5 år), på grunnlag av inntektssystemet og kriteriegrunnlaget for 2016. Inndelingstilskot blir gitt frå og med året når samanslåinga blir sett i verk. Det blir gitt årleg priskompensasjon slik at realverdien blir oppretthalde dei første femten åra. I 2016 er basistilskotet om lag kr. 13,2 mill. per kommune.

Vi viser til vårt brev av 19.mai 2015 om kommuneopplegget for 2016 med nærmare informasjon om inndelingstilskot og eingongstilskota (for eingongskostnader og reformtilskot) i samband med kommunesamanslåing.

Tilskot for eingongskostnader vil bli utbetalt i 2017 når Stortinget har gjort nasjonalt vedtak om kommunesamanslåing.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Vedlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen		16/1001

Saknr	Utval	Type	Dato
014/2016	Eldrerådet	PS	05.12.2016

Referatsak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar: